



Etter adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Høyring av fem område for frivillig skogvern i Vestland

Etter dialog med grunneigarane, AT Skog og Norskog sender vi på høyring fem område for frivillig skogvern i Vestland. Fire av områda gjeld utviding av eksisterande naturreservat.

Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen og for å legge til rette for medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Totalt utgjer areala 5 607 dekar. Av dette utgjer områda om lag 5 436 dekar skog og 3 109 dekar produktiv skog. I gjeldande kommuneplanar har alle områda føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR).

Vi meldte oppstart på alle fem områda 15. april 2021 og det har kome inn totalt sju uttalar. Ingen av desse er kritiske til verneframlegga.

Endring etter oppstartsmeldinga

Det er ingen vesentlege endringar sidan oppstartsmeldinga, anna enn at vi har endra namn på Husedalen naturreservat til *Bråvoll og Hus naturreservat* etter innspel frå Språkrådet. Vi har også redusert avgrensinga i nerkant av området med om lag 35 dekar for å redusera knekkpunkt i vernegrensa og for å unngå granplantasjar.

Nasjonale naturverdiar

Dei fem områda er konsentrert til midte og indre delar av tidlegare Hordaland, og fangar opp eit mangfold av artar og viktige naturtypar. Vernet vil omfatte urskognær gamal furuskog og mellom anna svært viktige førekommstar av vestnorsk regnskog. Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand.

Særleg utviding av Setråsen naturreservat med areal kring Femanger i Bjørnafjorden kommune vil sikra viktige naturverdiar knytt til rike, fuktige skogar og er ein sentral del av kjerneområdet i Norge for rik regnskog i boreonemoral sone. Her er fleire svært sjeldne og trua artar knytt til vestnorsk regnskog registrert, deriblant den hyperoseaniske mosen *Colura calyptrifolia* med sitt første og til no



einaste funn i Skandinavia. Arten har endå ikkje fått norsk namn. Det er i tillegg registrert fleire førekomstar av regnskogslaven strutlav i utvidingsområdet i Femanger. Arten er klassifisert som kritisk trua i Norge.

Bråvoll og Hus naturreservat, Ullensvang kommune (1365 dekar). Området vart kalla «Husedalen» i oppstartsmeldinga. Området er todelt og omfattar Hus ved Bråvollii (del av eigedom 238/2) og Kinnalia (del av eigedom 239/1). Begge områda er registrert som naturtype gamal barskog av nasjonal verdi. Gamal, kompakt og virkesrik furuskog dominerer, men det er også større innslag av boreale lauvtre som bjørk, osp og rogn. Skogen er utan påverknad i nyare tid, og i dei høgareliggende områda er skogen urskognær. Inngrep: Ingen registrert innfor områda, men delområde Kinnalia grensar til elva Vivippo der det er etablert småkraftverket.

Gulbergnotten, Ullensvang kommune (Utviding med 609 dekar til 6 466 dekar). Etter nyleg vernevedtak om utviding av Gulbergnotten 19. mars 2021 har det kome til tilbod om ytterlegare utviding av naturreservatet. Denne gong nordaustover mot Middagshaugen med delar av eigedomane 313/1 og 313/2. Området består av høgareliggende gamal furuskog og det er ingen inngrep i området. Inngrep: Ingen registrert.

Setråsen og Femanger, Bjørnafjorden kommune (Utviding med 2 596 dekar til 6 371 dekar). Vernet vil omfatta ei utviding av Setråsen naturreservat nordover til også å omfatta areal kring Femanger. Det er derfor ønskjeleg å utvida reservatnamnet frå Setråsen til «Setråsen og Femanger». Utvidinga vil gjelde delar av eigedomane 213/3, 214/1, 214/3, 218/1, 218/3 og 220/1.

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur i form av vestnorsk regnskog, gamal kystfuruskog, rik edellauvskog og bekkekloftmiljø. Naturreservatet har særlege naturverdiar knytt til rike, fuktige skogar og er ein sentral del av kjerneområde i Norge for rik regnskog i boreonemoral sone. Inngrep: Det går ein bilveg av lågare standard om lag 650 m opp til Botsvatnet ved Femanger, det er også ei 66 kV kraftlinje som går om lag 700 meter innfor området.

Steinen, Bjørnafjorden kommune (Utviding med om lag 649 dekar til 1 889 dekar). Steinen naturreservat vart etablert i 20. desember 2019. Utvidingsområdet omfattar areal som vil binde saman dei to separate areal som vart verna i 2019. Skogen er gamal og naturprega, og består av både furuskog og rik edellauvskog. Frå før inngår også to lokalitetar med vestnorsk regnskog. Utvidinga vil gjelde del av eigedom 201/1-7 og 9 der det no pågår jordskifte. Dette vil vere rettskraftig før vernevedtak for området. Inngrep: Ingen registrert.

Åkre og Vikane, Voss herad (Utviding med 364 dekar til 2 219 dekar). Reservatet vart oppretta 16. desember 2016 med føremål å ta vare på eit større, naturprega skogområde med sjeldan og sårbar natur i indre fjordstrok. Skogen er blant dei eldste, mest intakte og naturprega i Hordaland. Utvidingsområdet har både naturprega skog men også granplantasje som det er ønskjeleg å fjerna og å få reetablera naturskog. Del av eigedomane 725/1, 726/1, 726/2, 726/3 og 726/4. Inngrep: Det går ein skogsbilveg opp frå sør vest om lag 190 meter inn i området.

Innspel etter oppstartsmelding

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) skriv i uttale av 4. mai 2021 at dei kan ikkje sjå at områda kjem i konflikt med eksisterande eller planlagde prosjekt i transmisjonsnett. I det vidare er dei mest aktuelle innspela frå NVE gjengjeve.



Husedalen naturreservat. Det føreslår naturreservatet grenser til Kinnali Kraftverk. NVE ber Statsforvaltaren å sende høyingsdokumentet til Kinnali Kraft AS slik at selskapet kan kome med innspel om tilpassingar som er nødvendig med omsyn til drift, vedlikehald og oppgradering av kraftverket, rydding av elvestrekning og tilhøyrande motorferdsle i det føreslår verneområdet.

Utviding av Åkre og Vikane naturreservat. Hardanger Energi Nett eig 11 kV-nett som grensar til område som allereie er verna. Verneforskrifta for naturreservatet har ingen reglar knytt til drift, vedlikehald og oppgradering av nettanlegg og tilhøyrande motorferdsle. NVE ber nettselskapet om å gje uttale om det trengst tilpassingar i verneforslaget/verneforskrifta for å dekke behov knytt til kraftlinja. NVE ønskjer også at det vert gitt uttale om ein ikkje har innspel til verneforslaget.

Vidare gjer NVE oss merksame på at det er kartlagt eit digitalt potensiale for småkraftverk i nord austre enden av naturreservatet. Vassvegen kryssar både allereie verna og det føreslår utvida område. Potensialet er blant dei mest lønsame vass- og vindkraftprosjekt som er gitt konsesjon, men som ikkje er utbygd.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Husedalen naturreservat: Kinnali Kraft AS er lagt til adresselista og vil såleis få høve til å kome med uttale. Vi har tatt med i verneforskrifta § 4 j at vernereglane ikkje er til hinder for «*Naudsynt rydding av vegetasjon i elva Vivippo som akutt tryggingstiltak mot flaum*». Når det gjeld motorferdsle vil ikkje det vere mogleg innafor reservatgrensa pga svært bratt terreng og teitt skog, men sidan det på andre sida er veg langs elva heilt opp til inntaket på kraftverket, vurderer vi at dette behovet er ivareteke. Vi ber Kinnali Kraftverk AS å kome med attendemelding til oss om det er andre omsyn som vi må vurdere i samband med verneframlegget.

Åkre og Vikane naturreservat: Grunneigar for det kartlagde digitale småkraftpotensiale får høyingsdokumentet med info om potensialet for kraftutbygging. Skogvern er også ein måte å sjå potensial og lønsemd i bratte og vanskeleg tilgjengelege område. Slik den kritiske situasjonen er for naturmangfold både globalt og lokalt, gjev frivillig skogvern også stor samfunnsnytte.

Språkrådet har i uttale av 18. mai 2021, merknader til namnet Husedalen naturreservat. Avgrensinga på Husedalen naturreservat er todelt, og fordi området på gnr 238 ikkje ligg i Husedalen kan dei ikke tilrå at dette dalnamnet vert lagt til grunn for namnet på naturreservatet. Dei tilrår at verneområdet vert kalla opp etter dei to aktuelle gardsnamna og då får namnet «Bråvoll og Hus naturreservat».

Språkrådet har vidare ingen merknader til endring av Setråsen naturreservat til Setråsen og Femanger naturreservat, og heller ingen merknader til naturreservata Gulbergnotten, Steinen, og Åkre og Vikane naturreservat.

Kommentar frå Statsforvaltaren: Vi er samd med Språkrådet og føreslår i høyringa å endra Husedalen naturreservat til Bråvoll og Hus naturreservat.

Direktoratet for mineralforvalting skriv 7. mai 2021 at dei ikkje kan sjå at nokon av dei føreslegne verneområda kan få følgjer for registrerte mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Dei har derfor ingen merknader til at områda vert verna.

Bergen og Hordaland Turlag uttalar 7. mai 2021 at Husedalen er ein viktig innfallsport til DNT sitt rutenett på Hardangervidda Vest, og er positive til verneframlegget.



Landbruksdirektoratet har i brev av 4. mai 2021, nokre generelle innspel som er ivareteke i forslag til verneforskrifter.

Forsvarsbygg skriv 10. mai 2021 at dei ikkje ser konfliktar med dei føreslårte verneområda og at deira interesser er elles er ivareteke i verneforskriftene.

Kvifor vern av skog?

Artsdatabanken, den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfold, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei truga raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Inngrep som følgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Å ta vare på mest mogleg intakte økosystem i skog er blant dei viktigaste tiltaka vi kan gjere for å ta vare på vestlandsnaturen for framtida.

Berre tre prosent av skogen verna

Det er eit nasjonalt mål å redusere tap av naturmangfold, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med berre tre prosent av skogen verna, er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Med disse fem områda vil vi kunne være eit lite skritt nærmare målet om å betre vernet av verdiful gammal skog i Vestland.

Frivillig skogvern

I dei siste åra er det frivillig skogvern som har vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Ved vernevedtak har grunneigarane akseptert det økonomiske tilbodet frå staten.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiene i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigar vil framleis ha rett til jakt, fangst og fiske. Og ålmenta vil framleis kunne plukke matsopp og bær. Turstiar som er i området skal òg kunne haldast ved like. Kraftlinjer som går gjennom områda skal kunna driftast, vedlikehaldast og oppgraderast. I utkastet til verneforskrift som ligg ved dette dokumentet kan ein lese alle vernereglane.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Etter at innspel til denne høyringa føreligg, vil Statsforvaltaren vurdera desse og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på [nettstaden vår](#). Her kan du også sende inn innspel til denne høyringa. Du kan også sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlp@statsforvalteren.no. Vi har også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.



Frist for å kome med innspel er 3. august 2021

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Norskog
Miljødirektoratet
AT Skog

Vedlegg:
Forslag til vernekart og verneforskrift.

**Adresseliste:**

Grunneigarar i reservata (vidaresendt frå AT-skog og Norskog)	Norsk Industri
Bjørnafjorden kommune	Norsk institutt for Bioøkonomi
Ullensvang herad	Norsk Organisasjon for Terrengsykling
Voss herad	Norsk Ornitologisk Forening
BKK NETT AS	Norsk Sau og Geit
Den Norske Turistforening	Norsk Zoologisk Forening
Direktoratet for mineralforvaltning	Norskog
Fiskarlaget Vest	NTNU, Vitenskapsmuseet
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	SABIMA
Fiskeridirektoratet	SFE Nett
Forsvarsbygg	Stadnamntenesta på Vestlandet
Fortidsminneforeningen	Statens Kartverk
Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)	Statnett
Friluftslivets fellesorganisasjon	Statkraft SF
Friluftsrådenes Landsforbund	Universitetet for miljø- og biovitenskap
Fusa Kraftlag	Universitetet i Bergen
Fusa Kraftlag Nett AS	Universitetet i Tromsø
Hardanger Energi Nett AS	Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage
Haugaland Kraft Nett AS	Vegdirektoratet
Høgskulen på Vestlandet	Vest Politidistrikt
Kinnalia Kraft AS	Vestland fylkeskommune
Kommunal- og regionaldepartementet	WWF - Norge
Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon	
Kvinnherad Energi AS	
Kystdirektoratet	
Landbruksdirektoratet	
Luftfartstilsynet	
Natur og Ungdom	
NHO Reiseliv	
Norges Bondelag	
Norges Dykkerforbund	
Norges Geologiske Undersøkelser	
Norges handikapforbund	
Norges Jeger- og Fiskerforbund	
Norges Kystfiskarlag	
Norges Miljøvernforbund	
Norges Naturvernforbund	
Norges Orienteringsforbund	
Norges Skogeierforbund	
Norges vassdrags- og energidirektorat	
Norsk Bergindustri	
Norsk Biologforening	
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	
Norsk Botanisk Forening	